
Saksnr: 2020/77152-61
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		01.09.2021

Høyring - gjennomføring av tilgjengelighetsdirektivet

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgende uttale:.

Samandrag

Høyring om gjennomføring av tilgjengelighetsdirektivet er sendt på høyring av Kulturdepartementet. Direktivet omfattar ei rekke produkt og tenester og stiller overordna og funksjonelle krav til tilgjengelegheita av desse. Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har sendt høyringa til RMNF til orientering og for å samle innspel til ei høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan òg sende inn høyringsinnspel på vegne av rådet direkte til Kulturdepartementet.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Arild Knapskog
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Høyring - Gjennomføring av tilgjengelighetsdirektivet, European Accessibility Act - EU- Kulturdepartementet
- 2 Høring - gjennomføring av tilgjengelighetsdirektivet
- 3 Høring - gjennomføring av tilgjengelighetsdirektivet(1949685)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet har sendt på høyring forslag om å gjennomføre Europaparlamentets og Europarådets direktiv (EU) 2019/882 (European Accessibility Act), heretter kalla «tilgjengelighetsdirektivet». Noreg er forplikta til å gjennomføre direktivets krav i norsk rett når direktivet blir innlemma i EØS-avtalen.

Tilgjengelighetsdirektivet er vedteke som ein del av EUs «*A Digital Single Market Strategy for Europe*», som har eit overordna mål om at det skal leverast berekraftige økonomiske og sosiale ytingar i ein digitalt indre marknad. Direktivet omfattar ein rekke produkt og tenester som blir tilbudd av både offentlege og private tenestetilbydarar, som blant anna:

- System for generell forbrukarmaskinvare og tilhøyrande operativsystem
- Visse sjølvbetjeningsterminalar
- Forbrukarterminalutstyr med kapasitet for interaktiv datahandsaming
- Lesebrett
- Tenester som t.d. e-handel, elektroniske kommunikasjonstenester og e-bøker

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering i Vestland fylkeskommune har sendt høyringa til RMNF til orientering og for å samle innspel. Avdelinga vil samle innspela og førebu politisk sak. Rådet kan òg sende høyringsinnspel direkte til Kulturdepartementet.

Gjennomføring av tilgjengelighetsdirektivet

Kulturdepartementets tilråding:

Departementet anbefaler at gjennomføringen i norsk rett tar utgangspunkt i likestillings- og diskrimineringsloven, og slik at det lages en ny forskrift til loven som sikre universell utforming av produkter og tjenester.

Departementet foreslår derfor to sektorovergripende forskrifter for universell utforming etter likestillings- og diskrimineringsloven, forskrift om universell utforming av IKT-løsninger og ny forskrift om universell utforming av produkter og tjenester

Kulturdepartementet ser samstundes at ein slik «deling» av krava på to forskrifter kan gjere det vanskeleg å orientere og sette seg inn i regelverket, og ynskjer tilbakemelding på om det er meir hensiktsmessig å vidareføre ei løysing med berre éi sektorovergripande forskrift med i heimel i likestillings- og diskrimineringslova.

Kulturdepartementet tilrår vidare at digitaliseringsdirektoratets mynde utvidast, slik at dei kan føre tilsyn med at krava i direktivet blir overhaldt, og at diskrimineringsnemnda som handhevar sakar etter likestillings- og diskrimineringslova, blir oppnemnd som handhevingsorgan.

I tilleggsutredninga gjort av advokatfirma Kluge, på oppdrag frå Kulturdepartementet, kjem det fram at tilgjengelighetsdirektivet med «overveiende sannsynlighet» er eit totalharmoniseringsdirektiv. Dette vil seie at det nasjonale handlingsrommet er absolutt avgrensa av dei krava som direktivet stiller, og at det då ikkje kan innførast strengare eller lempelegare krav i norsk rett. Heilt konkret vil dette bety at dagens lov- og forskriftsregulering ikkje fullt ut kan oppretthaldast for produkta og tenestene som er regulert av direktivet.

Kulturdepartementet vil etter dette vurdere kva konsekvensar konklusjonane i utredninga vil ha for vidareføringa av eksisterande regelverk, og kva for konsekvensar det får for ein eventuell innføring av nye krav på IKT-feltet.

Vedtakskompetanse

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innanfor sitt arbeidsområde gje sjølvstendige fråsegner, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ jf. reglement for medverknadsorgana pkt. 2d.

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyrings saker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala) jf. reglement for fylkesutvalet pkt. 7.

Vurderingar og verknader

Økonomi: ikkje relevant

Klima: ingen relevant

Folkehelse: ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): ikkje relevant

Konklusjon

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne blir bedt om dei ynskjer å kome med høyringsinnspel til Kulturdepartementets høyring av gjennomføringa av tilgjengelighetsdirektivet. .